

Trondheim 21 oktober 1983
3713/83-471.741-31 2-SBT/bI

**VEDTEKTER OM DISPONERING AV MIDLAR TIL FISKEFREMJANDE
TILTAK I LUSTER KOMMUNE I SAMBAND MED LØYVE TIL
UTBYGGING AV ÅRØY KRAFTVERK I ÅRØY-VASSDRAGET.**

Med heimel i kgl.res. av 28.11-1980 pkt. 17 VI har Direktoratet for vilt og ferskvassfisk den 21. oktober 1983 godkjend følgjande vedtekter for bruken av årlege beløp til opphjelp av fisket som er avsett til Luster kommune i samband med utbygginga av Årøy kraftverk.

§ 1

Midlane skal nyttast til opphjelp av fisket i Luster kommune og til konkrete fiskefremjande tiltak slik kommunestyret gjer vedtak om.

§ 2

Kommunestyret forvaltar midlane. Vedtak i kommunestyret om bruk av midlane er underlagt fylkesmannen sin kontroll, jamfør kommunestyrelova § 60.

§ 3

Innlandsfiskenemnda skal i samband med det årlege budsjettarbeidet gje framlegg om bruken av midlane. Innlandsfiskenemnda pliktar å samrå med myndighetene for ferskvassfisket (fylkesmannen, DVF) under arbeidet med framlegget.

§ 4

Om det på eit årsbudsjett vert unytta midlar, skal desse midlane og avkastningane av desse utan vidare førast over til neste års budsjett og leggast til neste års tilskott.

§ 5

Vedtektene tek til å gjelda straks.